



Byggteam Vest AS
Flatøyvegen 57B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/961 - 14/12935

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
01.09.2014

Godkjenning - Gbnr 10/36 - Endring av løyve til oppføring av hytte

Administrativt vedtak. Saknr: 246/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om endring av ansvarsrettar for fritidsbustad på gbnr 10/36, motteke 29.4.2014. Vidare vert vist til etterfølgjande korrespondanse og dokumentasjonskrav frå kommunen, og mottak av supplerande dokumentasjon siste ved e-post frå Hjelmås VVS motteke 1.9.2014.

Føreliggjande vedtak gjeld søknad om endring av ansvarsrettar som følgje av konkursen i Walde Bolig AS. Søknad om ferdigattest, òg motteke 29.4.2014, vert handsama i eige vedtak.

Tiltaket vart opphavleg omsøkt av Walde Entreprenør AS, som no er konkurs. På konkurstidspunktet var det meste av arbeida ferdig med unntak for:

- Gjenstående innvendig platearbeid
- Legging av parkett i heile hytta
- Innvendige listar i heile hytta
- Montering av kjøkken
- Montering av ytterdør, kjellardør og 2 stk velux vindaug
- Oppføring av rekkverk på terrasse oppført av Walde Entreprenør
- Oppføring av terrasse på framsida av bygget
- Søknad om ferdigattest (innan SØK funksjonen)

Byggteam Vest AS har søkt om lokal godkjenning som ansvarlig utførende for byggtkniske installasjonar (unntak for riving) for gjenstående arbeid, tiltaksklasse 1. Vidare har same føretak

søkt ansvarsrett for søker funksjonen avgrensa til søknad om endring av ansvarsrett og ferdigattest for fritidsbustaden, tiltaksklasse 1.

Med tilvising til innsendt dokumentasjon, finn administrasjonen at det er dokumentert tilstrekkeleg utdanning og praksis for funksjonen som utførande for gjenstående arbeid, jf pbl § 22-3, jf SAK § 11-1, tabell 1. Omsyntatt at søkarfunksjonen i dette høvet gjeld føreliggjande endringssøknad og søknad om ferdigattest, finn administrasjonen at det er dokumentert tilstrekkeleg kompetanse i føretaket til at søknaden kan godkjennast også for denne funksjonen.

Ø. Hellesøy Rørlegger Service har søkt om ansvarsrett som ansvarleg utførande for sanitærarbeid i tiltaksklasse 1. Føretaket har sentralgodkjenning som dekkar omsøkt ansvarsområde. I søknaden er ansvaret avgrensa til montering av sanitærutstyr og kloakkpumpe, då det er opplyst at øvrige santiærarbeider har vore utført av Hjelmås VVS som opphavleg hadde ansvarsrett for denne delen av tiltaket (PRO og UTF), sjå vedtak i DNT-sak 032/13 dagsett 16.1.2013.

Hjelmås VVS har sendt inn skjema «Opphør av ansvarsrett før ansvarsområdet er ferdigstilt», jf SAK § 12-6. I opphørmeldinga skriv føretaket følgjande om utført arbeid innanfor ansvarsområdet:

«Avløpene stukket gjennom bjelkelag til blindkjeller. RiR utført i skillevegger på hovedplan. Trykkprøving av røranlegget er ikke utført av oss da vi ikke fikk komme tilbake på bygget etter Walde konkursen. Klarsignal for å plate igjen er ikke gitt av oss.»

Vurdering:

På bakgrunn av innsendt søknad og seinare tilkomne opplysningar godkjenner Meland kommune følgjande ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Byggteam Vest AS Org.nr. 913076982 Lokal godkjenning	SØK, avgrensa til endring av ansvarsrett og søknad om ferdigattest. UTF, Byggetekniske installasjonar, unntatt riving og avgrensa mot Walde Entreprenør jfr. opplisting over.
Ø. Hellesøy Rørlegger Service AS Org.nr.990118469 Sentral godkjenning	UTF, montering av sanitærutstyr og kloakkpumpe

Det ligg i vedtaket at Hjelmås VVS sitt ansvar i saka er opphørt i samsvar med innsendt melding motteke 1.9.2014. Hjelmås VVS vert underretta ved kopi av dette vedtak.

Ansvarleg søker har i telefonsamtale opplyst at røranlegget er trykktesta av nytt føretak med ansvarsrett for rørleggerarbeid. På bakgrunn desse opplysningane finn administrasjonen etter ei

konkret vurdering ikkje grunn til å krevje uavhenging kontroll av rørleggerarbeida, sml pbl § 24-1 (b), jf SAK § 14-3. Det vert i den samanheng vist til dokumentasjon og opplysningar gjeve i søknad om ferdigattest.

Vedtak:

Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 søknad om endring av ansvarsrettar, jf vurderinga ovanfor.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt tiltakshavar.

Vedtaket kan påklagast i medhald av Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eva Tangen
Hjelmås VVS

Lyngbølien 9 5164
Leknesvegen 183 5915

LAKSEVÅG
HJELMÅS

Mottakere:

Byggteam Vest AS

Flatøyvegen 57B 5918

FREKHAUG